



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 28.09.2023

Klokka 11.00 - 15.00

Stad: Formannskapssalen, Odde

Møteplan 2023 for Hardangerrådet, godkjent 08.09.2022 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

11.00 - 12.00 Sakshandsaming

12.00 - 12.45 Lunsj

12.45 - 13.15 Orientering Prosjekt fjernarbeid - gjennomføringsplan
v/ Kåre Hansen NORCE

13.15 - 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 15/23 Meldingar

HR-sak 16/23 Samarbeidsavtale mellom NORCE Norwegian Research
Centre AS og Hardangerrådet vedr. FoU-prosjekt Fjernarbeid og
distriktsutvikling.

HR-sak 17/23 Godkjenning av logo for Book Hardanger AS

HR-sak 18/23 Møteplan 2024

HR-sak 19/23 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50

Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 21.09.2023

Roald Aga Haug/s
rådsordfører

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



Møtedato 28.09.2023

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 16.23 Samarbeidsavtale mellom NORCE Norwegian Research Centre AS og Hardangerrådet vedr. FoU-prosjekt Fjernarbeid og distriktsutvikling.

Saksvedlegg:

- Vedlegg 1: Søknad til Sparebankstiftinga Hardanger
- Vedlegg 2: Melding frå Sparebankstiftinga Hardanger om støtte til Hardangerrådet iks
- Vedlegg 3: Vedtak i Hardangerkommunane
- Vedlegg 4: Utkast til samarbeidsavtale

Saksutgreiing:

Hardangerrådet søkte 30.03.2023 Sparebankstiftinga Hardanger om støtte på kr 500.000 til gjennomføring av prosjekt Fjernarbeid "Arbeidsstad - der du vil. Auka bruk av fjernarbeid for Hardanger og Voss." Den samla kostnaden for gjennomføring av prosjektet er 1 mill og deltakarkommunane dekkjer 50% dvs. kr 500.000. Hardangerrådet er søkjar og eigar av prosjektet medan NORCE er leverandør av FOU-tenesta.

Prosjektet er ei vidareføring av og basert på resultat frå eit forprosjekt finansiert av Regionalt Forskingfond Vestland i 2021/2022, med Voss og Kvam herad som samarbeidspartnarar. Resultata frå forprosjektet viser at det finst moglegheiter for tilrettelegging av fjernarbeid innanfor ei rekkje produkt- og tenestekategoriar, inkludert utvikling av lokale kontortilbod, tenester relatert til livsstil og balanse mellom arbeid og fritid, sosiale arrangement, fagleg utvikling, kobling mellom eksisterande lokalt næringsliv og fjernarbeidarar og strategisk samarbeid mellom kommunar og arbeidsgjevarar for fjernarbeidarar.

Vidareføringa er planlagt å omfatta alle Hardangerkommunane/herada og Voss herad. Formelle vedtak om kommunal støtte til prosjektet er no gjort i alle Hardangerkommunane. Voss herad har enno ikkje handsama saka politisk. Vedtaka i Hardangerkommunane gjev samla ei økonomisk ramme som dekkjer 50% av prosjektkostnaden slik gåvetildelinga frå Sparebankstiftinga legg til grunn. Såleis kan prosjektet starta opp før det er formelt avklart om Voss herad vert deltakar i denne delen av prosjektet.

Utkast til samarbeidsavtale er vedlagt og vil verta gjennomgått i regionrådsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner framlagt samarbeidsavtale mellom Hardangerrådet og NORCE Norwegian Research Centre AS vedr. "Prosjekt 107364-Fjernarbeid og distriktsutvikling".

Arbeidsstad: Der du vil!

Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger og Voss

Kvifor dette prosjektet?

Digitalisering og nye organisasjons- og leiingsformer har dei siste tiåra skapt betydelege endringar i måten vi jobbar og samhandlar i arbeidslivet. Ein konsekvens er at arbeid i stadig større grad kan utførast kvar som helst. Dei siste åra har vi også sett at Covid-19-pandemien har ført til store endringar av arbeidsvanar for mange, og arbeidsgjevarar vil leggja meir til rette for større fleksibilitet når det gjeld arbeidsstad for sine tilsette. For kommunane i Hardanger og Voss representerer denne utviklinga ein sjanse til å tiltrekka seg arbeidstakarar som er sysselsett i verksemdar *utanfor* regionen ved å leggja til rette for fjernarbeid (arbeid som vert utført på annan stad enn verksemda sitt kontor).

Dette er ein tematikk som er svært aktuell for dei meir desentrale kommunane. Mange av dei har utfordringar med synkende innbyggjartal og relativt låg andel arbeidstakarar med høg utdanning. Dette er kommunar som typisk har både lågare bustadprisar og ein nærleik til naturen som bykommunane ikkje kan tilby, en kombinasjon som vil vera attraktiv for mange arbeidstakarar.

Prosjektet som her er skissert, er basert på resultat frå eit forprosjekt finansiert av Regionalt Forskingsfond Vestland i 2021/2022, med Voss og Kvam herad som samarbeidspartnarar. Resultata frå forprosjektet viser at det finst moglegheiter for tilrettelegging av fjernarbeid innanfor ei rekkje produkt- og tenestekategoriar, inkludert utvikling av lokale kontortilbod, tenester relatert til livsstil og balanse mellom arbeid og fritid, sosiale arrangement, fagleg utvikling, kobling mellom eksisterande lokalt næringsliv og fjernarbeidarar og strategisk samarbeid mellom kommunar og arbeidsgjevarar for fjernarbeidarar. Mogelege tiltaksområde inkluderar m.a. betre utnytting av unike eigenskapar ved kommunane, etablering av arenaer for samarbeid og kunnskapsdeling mellom ulike aktørar i kommunane, meir målretta oppfølging og rådgjeving av skuleelevar og studentar, og regionalt samarbeid for felles bu- og arbeidsmarknad.

Kva skal vi finna ut?

Prosjektet inneheld ein del der vi skal samla kunnskap og ein del der vi skal bruka denne kunnskapen til å utvikla konkrete tiltak som skal auka sannsynlegheita for at fleire vil velja å flytta til Hardanger-/Vossregionen, men jobba for arbeidsgjevarar utanfor regionen via fjernarbeid. For å oppnå prosjektet sitt mål om fleire fjernarbeidande tilflyttarar, treng vi meir kunnskap om følgjande spørsmål:

Korleis arbeider verksemdar med tilrettelegging for fjernarbeid?

I dette ligg ei undersøking av verksemdar som no nyttar seg av fjernarbeid og legg til rette for dette mellom sine tilsette. Vi er særskilt opptekne av:

- I kva grad og korleis nyttast HR-praksis for tilrettelegging for fjernarbeid?
- I kva grad og korleis tilpassast design av arbeidsplass- og tenester til fjernarbeid?

Med grunnlag i kunnskap om arbeidsgjevarar si tenking og praksis knytta til fjernarbeid, vil vi vidare reisa følgjande spørsmål:

Kva for moglegheiter har Hardangerregionen for tilrettelegging av fjernarbeid?

- Kva tenesteområde er mest relevante å fokusera på med grunnlag i verksemdene sine behov og arbeid med tilrettelegging for fjernarbeid?

- Kva for verkemiddel kan distriktskommunar-/regionar utvikla og tilby for å tilretteleggja for fjernarbeid?

Korleis skal vi gå fram for å finna svar og gode tiltak?

Aktivitetane i prosjektet er inndelt i 2 arbeidspakkar. Den første arbeidspakken omhandlar utvikling av kunnskap om korleis HR-praksis og arbeidsplassdesign-/fasilitetar på ein best mogeleg måte kan tilpassast og tilretteleggja for fjernarbeid. Basert på resultat frå dette arbeidet vil prosjektet i den andre arbeidspakken utvikla tiltak for kommunane i Hardanger-/Vossregionen som omhandlar tilrettelegging for fjernarbeid retta mot aktuelle verksemder/arbeidsgjevarar.

AP1 – HR-praksis og arbeidsdesign for fjernarbeid: I denne arbeidspakken vil vi kartleggja verksemder si bruk av HR-praksisar og tilrettelegging av arbeidsplasser til aukande grad av distribuert arbeid. Dette vil verta gjennomført ved bruk av strukturerte intervju med HR-personell og leiarar i et utval av verksemder i bransjar som er kjenneteikna av fjernarbeidmoglegheiter. Dette er kunnskap som vil ha verdi for kommunar som ønskjer å tilretteleggja for auka bruk av fjernarbeid. Rekruttering av verksemder vil verta gjennomført på to måtar:

- 1) Bruk av finn.no til å identifisera arbeidsgjevarar som aktivt søker etter fjernarbeidarar (i stillingsannonser på finn.no kan arbeidsgjevarar velja «heimkontor» som moglegheit for arbeidssøkjjarar).
- 2) Rekruttering via bransjeorganisasjonar innanfor dei kategoriane som er mest relevante for fjernarbeid.

AP2 – utvikling av tiltak for utnytting av fjernarbeidspotensial: I arbeidspakke 2 vil det verta gjennomført analyse av Hardanger-/Vossregionen sine moglegheiter for å utnytta potensialet som ligg i aukande grad av arbeidsmobilitet. Vi vil gjennomføra SWOT-analysar (styrker, svakheiter, moglegheiter og utfordringar) i kvar partnarkommune enkeltvis, og ein felles workshop med alle kommunane for samanstilling av resultat og identifisering av moglegheiter på tvers av kommunar (regionnivå).

Korleis skal vi jobba saman i prosjektet?

Det vert lagt opp til eit nært samarbeid mellom forskarteamet og dei deltakande kommunane for å sikra både god framdrift og optimal utnytting av kunnskap frå prosjektet. Kvar kommune skal utpeika ein person på høgt administrativt nivå med dedikert ansvar for å følgja opp behov knytta til forskningsprosessen. Desse personane vil utgjera prosjektet si referansegruppe, der det vert lagt opp til månadlege møter. Referansegruppa vil vera den sentrale arena for styring og koordinering av prosjektaktivitetane.

Hardangerrådet er søkjar og eigar av prosjektet, NORCE er leverandør av FOU-tjenesten.

Aktivitetane i arbeidspakke 1 er i mindre grad avhengig av direkte involvering frå kommunane. Dei vil likevel verta rådført og få moglegheit til å koma med innspel gjennom deltaking på dei månadlege prosjektmøtene.

Arbeidspakke 2 har meir karakter av å være samforsking, der forskarane saman med kommunane skal omsetja kunnskap frå arbeidspakke 1 til eit format som kan fungera som plattform for tiltaks- og politikktutforming. I denne prosessen frå kunnskap til bruk, vil vi nytta verktøy henta fra m.a.

tenestedesign. Her vil vi henta inn fasiliteringskompetanse som kommunane og Hardangerrådet sjølve innehar og kommunene vil få ansvar for gjennomføringa i fellesskap.

Kva skal prosjektet levera?

Prosjektet skal munna ut i fleire leveransar, der dei viktigaste er:

- 1) Ein rapport som oppsummerar kunnskapsgrunnlaget frå studien av arbeidsgjevarane sin praksis for fjernarbeid. I dette ligg
 - a. HR-praksis for fjernarbeid
 - b. Styrker, svakheiter, moglegheiter og utfordringar for kvar kommune og regionnivå.
- 2) Verkemidler for tilrettelegging av fjernarbeid (utvikla på bakgrunn av kunnskapsgrunnlag)
- 3) Ambisjon om å etablere konkrete avtalar mellom ei gruppe av arbeidsgjevarar og kommunane i Hardanger om tilrettelegging for fjernarbeid.

Kva vil prosjektet kosta?

Aktivitet	Kostnad	Tid (måned)									
		5	6	7	8	9	10	11	12		
<u>AP1 – HR-praksisar og arbeidsdesign for fjernarbeid</u>	600.000										
<u>AP2 – utvikling av tiltak for utnytting av fjernarbeidspotensial</u>	400.000										
Sum	1.000.000										

Kva søker vi om?

Hardangerrådet søker om 500.000 kr i støtte til prosjektet. Deltakarkommunane vil sjølve bidra med tilsvarende sum i form av direkte økonomisk bidrag, noko som gjer eit totalt bidrag på 1.000.000 kr til prosjektet. I tillegg vil kommunane bidra med eigeninnsats berekna til 50 timar per kommune, totalt 250 timar i løpet av prosjektperioden.

Kva skjer etter at prosjektet er avslutta?

Det vert lagt opp til ein del to av prosjektet i 2024 med ny søknad til Sparebankstiftinga etter same modell som her er omtalt. I del to vil både kunnskaps- og tiltaksutvikling vera retta mot arbeidstakersida. Den vil byggja vidare på del 1, men vil vera fokusert på å få meir kunnskap om arbeidstakarar si holdning til fjernarbeid, samt testing av tiltak utvikla i delprosjekt 1. Aktuelle spørsmål vil vera:

Kva er potensialet for fjernarbeid for ulike yrkesgrupper og bransjar?

- Kva kjenneteikn ved arbeid påvirkar moglegheiter for fjernarbeid?
- I kva grad er ulike yrke/bransjar prega av arbeid som kan gjennomførast som fjernarbeid?
- Korleis er arbeidstakarar (i ulike yrke og bransjar) sine holdningar til fjernarbeid?

Med grunnlag i meir kunnskap om desse spørsmåla, vil vi m.a. utvikla nye kommunale tiltak retta mot arbeidstakarar med ein tilknytning til Hardangerregionen, men som no ikkje bur i regionen.

Hardangerrådet iks

Kinsarvik, 04.05.2023

Sparebankstiftinga Hardanger - Tildelt gåve til ålmennyttig føremål våren 2023

I Sparebankstiftinga Hardanger er me glade for å kunne løyva kr 500 000,- som stønad til dykkar prosjekt «Arbeidsstad: Der du vil!». Midlane er øyremerkte til dette prosjektet, og vil når vilkåra er oppfylte verta kreditert den konto som er oppgjeven i søknaden.

Utbetaling og bruk av midlane

Det vert stilt krav om dokumentert fullfinansiering, samt dokumentasjon for at prosjektet vert realisert i samsvar med søknad før utbetaling av gåva. Eventuelle endringar i prosjektet eller finansieringa må skriftleg omsøkjast og godkjennast av stiftinga. Manglande dokumentasjon eller manglande søknad om endring av prosjekt kan medføre bortfall eller reduksjon av denne tildelinga.

Det kan òg verta stilt krav om stadfesting av rett kontonummer før utbetaling.

Midlane må nyttast innan 1 år frå datoen på dette brevet. Dersom fristen ikkje kan haldast må det skriftleg søkast om utsetjing av denne. Dersom midlane ikkje er nytta innan fastsett frist går dei attende til den ålmennyttige verksemda til stiftinga.

Rapportering

Me ber om at det seinast ein månad etter at prosjektet er avslutta vert sendt oss ein rapport med rekneskapsopplysingar som viser korleis pengane er brukte.

Gåvemidlar vil verta offentleggjort på heimesida til stiftinga.

Lukke til med prosjektet.

Med helsing

Kjetil Widding

Dagleg leiar

Sparebankstiftinga Hardanger



Hardangerrådet Iks
Postboks 78

5782 Kinsarvik

Arkivsakid-doknr:	23/595-3	Saksh:	Magnus Steigedal	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	23/9517	Telefon	:	K2-X61		11.09.2023

Støtte til prosjekt "Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger-/Vossregionen."

Eidfjord kommunestyre - 23/081:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

1. Eidfjord kommunestyre løyver 77 796.- kr til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet
2. Finansiering frå disposisjonsfondet
3. Eidfjord kommunestyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar

Rett til å klaga på vedtaket

Du har rett til å klaga på vedtaket. Dersom du klagar, må du senda klagen skriftleg til Eidfjord kommune innan tre veker frå du mottek dette brevet. I klagen må du opplysa om kva du klagar på, og me ber om at du grunngjev klagen. Du må òg nemna den endringa du ønskjer i vedtaket du klagar på.

Dersom klagen gjev grunn til det, kan det organet som har fatta vedtaket det vert klaga på (underinstansen) oppheva eller endra vedtaket. Viss dette ikkje skjer, vil underinstansen senda saka til klageinstansen, som vil fatta endeleg avgjerd. Reglane om klage finn du i forvaltningslova kapittel VI, §§ 28 – 36.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune



Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006

Telefon: 53 67 35 00

Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

www.eidfjord.no

Magnus Steigedal
Rådmann

Kopi til:

Kvam Herad

Ullensvang Kommune

Ulvik Herad

Grovagjelet 16

Opheimsgata 31

Skeiesvegen 3

5600

5750

5730

Norheimsund

Odda

Ulvik

Kopi til arkiv og kopibok

Hardangerrådet Iks
Postboks 78
5782 Kinsarvik



Vår ref.: DokumentID 23/18577

Dykkar ref.:

Dato: 03.07.2023

MELDING OM VEDTAK HST- SAK 095/23 STØTTE TIL FJERNARBEIDSPROSJEKT I REGI AV HARDANGERRÅDET

Kvam heradsstyre har gjort følgjande vedtak i saka:

Kvam heradsstyre løyver kr. 217. 810 til prosjekt om fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert med disposisjonsfond.

Kvam heradsstyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

Helsing

Kari Weltzien Vik
Administrativ rådgjevar
Telefon: 995 43 057

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hardangerrådet Iks Postboks 78 5782 Kinsarvik

Kopi til:

Anita Hesthamar
Torgeir Næss

072/23: Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø 2023 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø for Ulvik herad 2023-2029, vedtatt.

30.08.2023 Formannskap

Felles utsetjingsframlegg frå formannskapet:

Saka vert utsett for nærmare utgreiing.

Røysting over utsetjingsframlegg:

Samrøystes vedteken.

FSK- 072/23 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett for nærmare utgreiing.

073/23: Lokalar fysioterapi

Kommunedirektøren sitt framlegg:

HST løyver inntil 100 000 til kjøp av ekstern kompetanse for å vurdere moglege utbetringar av gjeldande lokalar for fysioterapi. Løyvinga takast frå disp.fond.

30.08.2023 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK- 073/23 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

HST løyver inntil 100 000 til kjøp av ekstern kompetanse for å vurdere moglege utbetringar av gjeldande lokalar for fysioterapi. Løyvinga takast frå disp.fond.

074/23: Prosjekt fjernarbeid - Fellesprosjekt for region Voss-Hardanger

Kommunedirektøren sitt framlegg:

1. Ulvik heradsstyre løyver kr 79 534 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet.

Løyvinga vert finansiert over næringsfondet.

2. Ulvik heradsstyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

30.08.2023 Formannskap

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren vart tilrådd med 4 røyster(AP,SP,V) for og 1 røyst (H) mot.

FSK- 074/23 VEDTAK:

Tilråding:

1. Ulvik heradsstyre løyver kr 79 534 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet. Løyvinga vert finansiert over næringsfondet.
2. Ulvik heradsstyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

075/23: Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2035 - Planprogram vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova §11-13 vedtek formannskapet, som er planutval, planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.

30.08.2023 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK- 075/23 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

I medhald av plan- og bygningslova §11-13 vedtek formannskapet, som er planutval, planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.



Hardangerrådet Iks
Postboks 78
5782 Kinsarvik

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	23/122-18 /ojjo/23/19393	FE-026	13.07.2023

Støtte til prosjekt "Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger-/Vossregionen."

Kommunestyret har i møte 21.06.2023 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 056/23:

1. Ullensvang kommunestyre løyver kr 266 221 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert frå disposisjonsfondet.
2. Ullensvang kommunestyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

Det er mogleg å klaga til kommunen på dette vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen på 3 veker.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, beskrive kva vedtak det blir klaga på, den eller dei endringar ein ønskjer, og grunngjeving for klagen. Dersom det blir klaga så seint at det kan vere uklart for oss om det er klaga i rett tid, ber vi om at det blir oppgjeve når denne meldinga kom fram.

Helsing

Ole-Jørgen Jondahl
rådmann

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no



Kopi til:

Eidfjord Kommune

Kvam Herad

Ulvik Herad

Simadalsvegen 1

Grovagjelet 16

Skeiesvegen 3

5783

5600

5730

Eidfjord

Norheimsund

Ulvik

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Formannskapet	09.06.2023	034/23
Kommunestyret	21.06.2023	056/23

Saksbehandlar:	Arkivsak - dok.nr	23/122 - 11
Ole-Jørgen Jondahl	Journalpostnr.	23/10302

Støtte til prosjekt "Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger-/Vossregionen."

Vedlegg	
28.04.2023	Hardangerrådet190123
28.04.2023	Kopi av Kostnadsfordeling prosjekt fjernarbeid - Ark 1

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Vedtak i Hardangerrådet

Tilråding frå rådmann:

1. Ullensvang kommunestyre løyver kr 266 221 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert frå disposisjonsfondet.
2. Ullensvang kommunestyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

09.06.2023 Formannskapet

Behandling

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS – 034/23 Vedtak**Tilråding:**

1. Ullensvang kommunestyre løyver kr 266 221 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert frå disposisjonsfondet.
2. Ullensvang kommunestyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

21.06.2023 Kommunestyret

Behandling**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KST – 056/23 Vedtak

1. Ullensvang kommunestyre løyver kr 266 221 til prosjekt fjernarbeid i regi av Hardangerrådet, finansiert frå disposisjonsfondet.
2. Ullensvang kommunestyre ber om at sluttrapport for prosjektet vert lagt fram når den er klar.

Saksopplysningar:

Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for kommunane

Prosjektet skal...

... Styrke norske distriktskommuners muligheter til å tiltrekke seg fjernarbeidere som ønsker å bo desentralt, men jobbe for en arbeidsgiver utenfor kommunen.	HOVEDMÅL
...Utvikle kunnskap om <ul style="list-style-type: none">• markedet/potensialet for fjernarbeid• virksomheters arbeid for å tilrettelegge for fjernarbeid• distriktskommuner-/regioners muligheter for utvikling av tilpassede og relevante virkemidler.	DELMÅL

Informasjon om Norge:

<https://www.norceresearch.no/>

Vurdering:

Kunnskap om moglegheiter for fjernarbeid for innbyggjarar som arbeider normalt sett utanfor kommunen vil kunna gi grunnlag for å styrkja arbeidet med å tiltrekka seg ny innbyggjarar. Prosjektet legg opp til å gjera dette forskningsbasert for å gi Hardanger/Voss-regionen eit best mogleg grunnlag.

Dette kan gi tyngde i dialogen med fylkeskommunale/statlege verksemder som kan tilby fjernarbeid for medarbeidarar. Det same vil gjelda for private verksemder/næringsliv. Om ein lukkast vil det kunna bety nye innbyggjarar, at det vert enklare å behalde innbyggjarar, og styrka kompetansmiljøa i kommunen generelt. Det er rådmannen si vurdering at ei forskingsbasert tilnærming gjennom prosjektet, vil kunna styrkja kommunane sitt arbeid på dette området.

Prosjektet er og søkt finasert gjennom andre, t.d Sparebankstiftinga Hardanger. Fordeling av kostnader for kommunane er vekta med 30% grunnfinansiering pr kommune, og 70% på innbyggjartal.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Ingen

b. Investeringskostnader

Ingen

c. Finansiering

Disposisjonsfond

Samandrag konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatta vedtak i tråd med Hardangerrådet si tilråding.

Særutskrift sendast til:

- Hardangerrådet
- Kvam herad
- Ulvik herad
- Eidfjord kommune

SAMARBEIDSAVTALE

mellom

Hardangerrådet iks – «Prosjektansvarlig»

og

NORCE Norwegian Research Centre AS, [919 408 049] – «Samarbeidspartneren»»

(Prosjektansvarlig og Samarbeidspartneren(e) omtales enkeltvis som en «Part» og i fellesskap som «Partene»)

1. Generelt

Denne avtalen, heretter kalt «Samarbeidsavtalen», regulerer rettighetene og pliktene til Partene i FoU-prosjektet **«Arbeidsstad: Der du vil! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger-/Vossregionen»** (hos NORCE: 107364-Fjernarbeid og distriktsutvikling), heretter kalt «Prosjektet». Denne Samarbeidsavtalen utgjør hele avtalen og forståelsen mellom Partene i forhold til de forhold som det er vist til i Samarbeidsavtalen, og Samarbeidsavtalen regulerer uttømmende forholdet mellom Partene i forbindelse med Prosjektet, inklusive alt av Partenes rettigheter og forpliktelser overfor hverandre. Samarbeidsavtalen inkluderer alle de rettsmidler som skal være tilgjengelige for Partene ved kontraktsbrudd av noen av de andre Partene.

Sparebankstiftinga Hardanger har tildelt midler til gjennomføringen av Prosjektet. Det er i den forbindelse gitt tilsagn om støtte til Hardangerrådet iks fra Sparebankstiftinga Hardanger, heretter kalt «Tilsagnet», jfr. Vedlegg 1.

Som del av denne Samarbeidsavtalen inngår følgende:

<u>Vedlegg 1:</u>	Tilsagnet.
<u>Vedlegg 2:</u>	Prosjektbeskrivelsen (søknaden til Sparebankstiftinga)
<u>Vedlegg 3:</u>	Budsjett

Ved eventuell motstrid mellom Vedlegg 1-3 og dette Samarbeidsavtaledokumentet skal Tilsagnet ha prioritet.

2. Definisjoner

Ord som begynner med stor forbokstav, skal ha den meningen som er definert enten her eller i Viktige begreper Sparebankstiftinga Hardanger Generelle vilkår for FoU-prosjekter.

Force Majeure	Uforutsette og ekstraordinære hendelser utenfor en Parts kontroll.
Immaterielle rettigheter	Alle rettigheter til tekniske løsninger, metoder, prosesser og prosedyrer, enten de er patentert, kan patenteres eller ikke. Videre omfatter dette alle opphavsrettigheter og rettigheter til varemerker, design, plantesorter, databaser, kretsmønstre, tegninger, spesifikasjoner, prototyper, bedriftshemmeligheter og lignende.
Prosjektperioden	Perioden som Prosjektet utføres i.
Prosjektresultater	Alle resultater som skapes eller oppnås i forbindelse med Prosjektet, herunder Immaterielle rettigheter, uavhengig av om resultatene er vernet av lovgivning eller ikke.

3. Varighet

Samarbeidsavtalen gjelder fra det tidspunktet Partene har signert og frem til Prosjektet er ferdigstilt og Partene har oppfylt alle sine forpliktelser i henhold til Samarbeidsavtalen. Etter dette tidspunktet opphører Samarbeidsavtalen automatisk med unntak av bestemmelsene i punkt 6 ,7, 8, 11 og 16.

4. Kontaktpersoner (navn/e-post)

	Partens navn	Prosjektleder (navn/e-post)	Administrative kontakt- person (navn/e-post)
Prosjekt-ansvarlig	Hardangerrådet iks		Jostein Eitrheim, jostein.eitrheim@hardangerraadet.no
Samarbeids-partner	NORCE Norwegian Research Centre AS	Kåre Hansen, kaha@norceresearch.no	Siren Høgtun, shog@norceresearch.no

5. Partenes forpliktelser

5.1 Generelt

Prosjektansvarlig har det overordnede ansvaret for at Prosjektet gjennomføres i samsvar med Tilsagnet og Prosjektbeskrivelsen, og for at forpliktelsene overfor Sparebankstiftinga Hardanger oppfylles, inkludert koordinering av vitenskapelig og økonomisk rapportering.

Partene plikter å bidra til gjennomføringen av Prosjektet og oppfyllelsen av Tilsagnet i samsvar med Samarbeidsavtalen og Prosjektbeskrivelsen.

Arbeidet skal gjennomføres i samsvar med god forskningspraksis. Forskningen skal være kildebasert, etterrettelig, kvalitetssikret og uavhengig. Partene plikter å følge gjeldende lover og forskrifter, samt regler og retningslinjer som er relevante for gjennomføringen av Prosjektet, herunder retningslinjer for helse, miljø og sikkerhet, etiske regler og retningslinjer samt anerkjente kvalitetsstandarder og normer.

Forskning er etter sin art beheftet med usikkerhet med hensyn til hvilke resultater som kan oppnås. Ingen av Partene er følgelig ansvarlig overfor de øvrige for å oppnå et bestemt resultat eller et bestemt mål som er satt for forskningsaktiviteten såfremt vilkårene knyttet til utførelsen av forskningsaktiviteten, som angitt ovenfor, er overholdt.

Partene har personal- og økonomiansvar for eget personale tilknyttet Prosjektet, og har oppgaveplikt for personlige tildelinger og arbeidsgiveransvar for sine egne ansatte i Prosjektet. Partene skal veilede og følge opp det arbeidet eget personale gjør i Prosjektet, og skal samarbeide om den nærmere tilretteleggingen, utførelsen og oppfølgingen av samarbeidet. Eventuell bruk av stipendiater skal avtales særskilt.

Den enkelte Samarbeidspartner kan, med samtykke fra Prosjektansvarlig, overlate utføringen av enkelte oppgaver til en underleverandør. I slike tilfeller er Samarbeidspartneren fullt ansvarlig for utførelsen av disse oppgavene på samme måte som om Samarbeidspartneren selv stod for utførelsen.

Med mindre annet er skriftlig avtalt, beholder den Part som har gjort anskaffelsen eierskapet til utstyr innkjøpt for Prosjektets midler. Denne Part skal stille slikt utstyr til disposisjon for de andre Partene dersom det er nødvendig for de andre Partenes bidrag til Prosjektet.

